

Møtebok 7 – 24

Moster sokneråd

13.08. 2024

Desse møtte: Rune Sivertsen, Gunnvald Bjotveit, Hans Magne Nesse Stokka, Solveig Eikeland, Elisabeth Jacobsen, Nils Otto Espeland, Aksel Lygre, Elisabeth Gjørø Løkling, Arthur Anglevik,

Utval for Diakoni var invitert på møtet.

Dei som deltok: Solfrid Hjelland, Sofie Johannesen. Nils Otto Espeland

Sak 63 – 2024 Godkjenning av møtebok frå 11.06.2024 og innkalling.

Vedtak: Møtebok vart godkjent utan merknader.

Innkalling: Vert endra grunna ein del misforståingar. Innkalling er godkjent med dei endringar som går fram av møteboka.

Sak 64 -2024 Møte med diakonutvalet

Utvalet fortalte kort om arbeidet; Etter eit møte har dei komme i gong med å dela ut blomar til 80-, 90-, 95- 100 -åringar. Etterpå var det ein samtale om kva andre oppgåver diakonutvalet kunne jobbe med, mellom anna samtale om korleis inkludere og verta kjent med tilflyttarar. Utvalet tar samtalen vidare i sitt neste møte med utgangspunkt i målsetninga i årsmeldinga for 2023.

Sak 65 – 24 Oppfølging av tidligare saker

Utval for kyrkjemusikk og gudstenesteliv:

I utvalet sit; Øystein Skullerud, Camilla Rubach(leiar), Aksel Lygre, Heidi Rolfsnes, Gunnvald Bjotveit,(sekretær) Olav Kvarven

Referat frå møtet deira, vedlagt.

Sak 66- 24 Komité for hefte om nytt orgel – mandat og medlemmer.

Gunnvald orienterer:

Det er tre personar som er villig til å vera med i arbeidet vidare. Gunnvald vert med frå soknerådet og kallar inn til møtet.

Sak 67 – 24 Jubileumsgudsteneste – og helg.

Kven talar? Kva vert musikalsk program? Kva skjer elles?

Talar vert Erling Kopperud

Musikalsk program vert utarbeida av utval for gudsteneste og kyrkjemusikk.

Kyrkjekaffi på Salem etter gudsteneste.

Sak 68 – 24 Rekruttere ungdom som medarbeidarar og leiarar og gje dei leiartrening.

Saka vert fremja i trusopplæringsutvalet.

Sak 69 – 24 Husgruppe for konfirmantane.

Det har meldt seg ei gruppe som vil vera leiarar for husgruppa dette året.

Sak 70 – 24 Ta grep i ein vanskeleg økonomisk situasjon

Hans Magne og Gunnvald la fram eit forslag til innhald i eit skriv/foldar.

Vedtak: Elisabeth G. Løkling utarbeidar forslag til ein foldar som skal presenterast og ligge til utdeling i kyrkja. Foldaren må med i kunngjeringane, på kvar gudsteneste.

Sak 71 – 2024 Plakatar og reklamemateriell 150-årsjubileum

Vedtak: plakatmateriell som er utarbeida vil verta nytta under jubileet.

Sak 72 – 2024 Eigen konto til gudstenesteliv

Vedtak: Hans Magne N. Stokka jobbar vidare med denne saka.

Sak 73 – 2024 Evaluering av Olsokgudstenesta

Gudstenesta var vel gjennomført.

Sak 74 – 2024 Oversikt over arrangement hausten 2024

Gjennomgått fram til oktober

Sak 75 – 2024 Samrådsmøte 24-09-24

Fast møte med bedehusa i krinsen.

Formann i soknerådet sender ut innkalling.

Sak 76 – 2024 Uttale om prost i Sunnhordaland

Vedtak; ekstra møte om saka 03.09 kl.19.30

Sak 77 – 2024 Prostimøte 12.september

Dei som ønskjer å delta melder seg på til Gunnvald Bjoteveit ei veka før slik at han kan melde på samla.

Sak 78 – 2024 økonomi, andre kvartal rapport

Er ikkje ferdig grunna ferie. Blir tatt opp på neste møte. Budsjettrevisjon i september

Sak 79. – 2024 Referat og meldingar

Programkomité for 150-årsfeiringa: info gitt tidlegare i møtet

Trusopplæringsutvalet: ikkje møte sidan sist

Utval for kyrkjemusikk og gudstenesteliv: nytt møte 14/8

Estlandskomiteen: har hatt sommarleir som var veldig kjekk. Ukrainske ungdommar med foreldre har i ettertid takka ekstra

Fellesråd og administrasjon: nytt møte 4. september

Meldingar ved soknerådsleiar, sokneprest eller andre:

Soknerådsleiar: Ein har ordna plassering av klokka for ringing. Lys på toalettet må ordnast. Rune Sivertsen prøver å ordne dette.